



Røysterett for Alle rundar 30 år. Her syng dei under julekonserten 2017

Som mange veit, vart blandakoret Røysterett for Alle skipa i Uskedalen i januar i 1988. 2018 er altså eit jubileumsår, og dette er tenkt markert både internt og overfor omgjevnadane.

Ulike nemnder har alt vore i sving sidan tidleg førre året, men enno er ikkje alt på plass. Nokre milepålar er plasserte både i tid og stad, men alle kattane er ikkje klare til å verta sleppte ut or sekken enno.

Jubileumskonserten vert halden i Festsalen i Kulturhuset Husnes 14.04. Rosendal Songlag vil vera med oss på eit potpurri av Andrew Lloyd Webber-musikalstykke. Det endelege repertoaret kan/vil me ikkje seia for mykje om, men her er nokre småe haldepunkt: Eit utval av "gamle synder" høyrer sjølvstekt med, og sjølvstekt lyt me ha med ein heil del anna nytt. Ein del av stoffet har me smaka på tidleg i haust, men fyrst i år er me i gang for alvor. Sidan det ikkje er meir enn tida og vegen fram til konserten, tek me i byrjinga av februar eit skikkeleg skippertak, med seminar på mellom anna Webberstoffet.

Til hausten har me tenkt oss ein tur utanlands. Eit jubileumsår utan jubileumsfest ville vera ei inkjevetta, så den held me og ein gong til hausten. Haustsemesteret vert dessutan sleppetid for andre innslag, noko det alttoppslukande vårarrangementet ikkje har gjeve overskot til. Kva dette vert, får me sjå etter kvart.

Til slutt:

Me tek imot nye røyster med opne armar!

Me veit ikkje om nokon som har trega på at dei har byrja.

Til dykk som leikar med tanken på å verta med: Slutt å leika! Kom! Torsdagar frå 19.00 til 21.30. No er det ein god del nytt som skal hamrast inn, og då stiller nye på like fot med gamle medlemmer. Altså er dette eit vel valt tidspunkt å stiga over dørstokken!

Røysterett for Alle

Arkivfoto: Hans Ordin Østebø

Nett: Thor Inge Døssland